

Til:

Medlemmer av Hovudutval for mobilitet og samferdsel

Hufthamar 26-05-2023

Presse (aviser)

Angående [sak RS 80/2023](#) til møte 30-05-2023:

Oppfølging av vedtak: ferjetilbodet Krokeide-Hufthamar og Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella

I saka står det: «Det er elles ikkje gjenståande frå Krokeide på laurdag eller søndag, heller ikkje frå Hufthamar på laurdag». Det burde stått:

Hufthamar – Krokeide har 161 000 meir PBE i året, enn samanliknbart samband, dette sambandet er landfast og har to ferjer i drift kvar dag heile året. Det er stort belegg på laurdagar, Hufthamar – Krokeide, meir enn noko anna fylkesvegferjestrekning i Vestland. Det er 1 time og 30 minutt mellom kvar avgang, og det er stort sett fulle ferjer, (har sjølv opplevd og stå igjen laurdag). Det finnes ikkje omkøyringsmoglegheiter, derfor er 90 minutt mellom kvar ferje laurdag ikkje godt nok, målt opp mot trafikkmengd og tilbodet på andre strekningar. Austevoll er Noregs mest folkerike kommune utan fastlandsforbindelse og har det desidert største fylkesvegferjesambandet målt i PBE. I ruteproduksjon (km*PBE) er det berre riksvegsambandet Halhjem Sandvikvåg som er større i Vestland.

For dårleg tilbod for ferjene i Austevoll vart dokumentert allereie i 2015, i Helge Hopen rapporten, og utviklinga har fortsett i åra etter, rapporten er vedlagt i same e-post som dette dokumentet.

Rapporten konkluderte blant anna med: **Ferjetilbodet (frekvens) på Krokeide – Hufthamar ligg i dag vesentleg lågare enn på andre ferjesamband i fylket med tilsvarande trafikkmengd. Trafikken på desse sambanda har alternative køyreruter. Det har ikkje Austevoll.**

Husavik – Sandvikvåg har og mindre opningstid enn trafikkmengda skulle tilsei.

Dette står på nettsida til, Hovudutval for mobilitet og samferdsle: ***Utvalet har ansvar for å sikre at innbyggjarane og næringslivet har eit transportsystem som gjev miljøvenleg og trygg transport, tilstrekkeleg mobilitet og tilgjenge til viktige reisemål.*** Dette må jo bety at likebandlingsprinsippet må gjelde. Det må ikkje være tvil om at det største fylkesvegferjesambandet må ha det beste rutetilbodet. Spesielt nå ein veit at Austevoll ikkje har omkøyringsmoglegheiter, som ein av to kommunar i «Hordaland».

Vedlegg: Helge Hopen rapporten og Brev frå Terje van der Meeren.

Med vennleg helsing:

Tore Hufthammer

Hufthamar 60

5392 Storebø

94132750

tore@hufthamar.no

www.hufthamar.no